



## Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem aktuelle nyhende frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

### Søknadsfristar og viktige datoar no og i første kvartal 2022

20. desember	Frist for utbetaling frå skogfond.
10. januar	Etterregistreringsfrist produksjons- og avløysartilskot i jordbruket 2021
10. januar	Kappedag – Gloppen (sjå eigen artikkel lenger ned)
10. januar	Skogfondkveld – Gloppen (sjå eigen artikkel lenger ned)
11. januar	Kappedag – Stad (sjå eigen artikkel lenger ned)
15. januar	Frist på søknad om midlar til fjerning av framande artar (sjå eigen artikkel lenger ned)
1. februar	Frist for å søkje om investeringsstøtte til husdyrproduksjon Innovasjon Norge Vestland. (Søknader kome inn frå 01.11.21 - 01.2.22 vil bli vurdert opp mot kvarandre. Om det er midlar att etter denne tildelinga vil søknadar etter fristen bli behandla fortløpande.
1. mars	Søknadsfrist SMIL-midlar og Tiltak i beiteområde.
15. mars	Søknadsfrist del 1 søknad om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket 2022
Løpande frist	Tilskot til grøfting

### Oppsummering av søknadsomgangen – produksjonstilskot (PT) og regionalt miljøprogram (RMP)

Etter søknadsfristen 15. oktober var det kome inn 469 produksjonstilskotsøknader fordelt med 253 søknader i Gloppen og 216 søknader i Stad.

Vi fekk inn 306 RMP-søknader fordelt med 197 i Gloppen og 109 i Stad. I år hadde nokre søkjarar litt vanskar med å søkje då det var krøll i systemet der ein ikkje fekk opp organisasjonsnummer.

Frist for etterregistrering av opplysningar, som t.d. dyr sankt frå beite, avløysarutgifter for 2021 og tal kilo frukt og bær etter 15. oktober, er **1. januar - 10. januar 2022**.

Vi kjem også for denne søknadsomgangen med eit hjartesukk om at du som søkjar ikkje ventar til siste dagen. Det er fullt mogleg å søkje tidleg, då har vi meir tid til å hjelpe kvar og ein av dykk.

#### Kontroll av søknader

Kommunen har fått beskjed frå Statsforvaltaren om at vi skal verte strengare når vi finn avvik i søknader. Det betyr at vi i større grad må trekke stønadsbeløp når søknadene ikkje stemmer med faktiske forhold. Dette er ei lovpålagt oppgåve for kommunen. Når det gjeld produksjonstilskot skal kommunen kontrollere 10 % av søknadane, for RMP minst 5 %.

## SMIL – spesielle miljøtiltak i landbruket

Vi hadde 9 søknader i Gloppen og 14 søknader i Stad kommune. Vi hadde to søknadsomgongar på SMIL-ordninga, då tilskotsmidlane ikkje blei brukt opp på første søknadsrunde med søknadsfrist 1. mars. Andre søknadsfristen var 6. september. Tildeling av SMIL-midlar 2021 for Gloppen og Stad vart på kr 1.074.900,-.

## Organisert beitebruk, driftsmidlar

Vi behandlar i desse dagar tilskot til drift av beitelaga. Det er i alt 27 beitelag i våre to kommunar. Vi ser under behandlinga at laga kan verte flinkare til å skrive om årets sesong og mange gløymmer å legge til saldo på driftskonto, noko som er eit av få krav for å få midlar. Statistikk er det ikkje råd å seie noko om før vi er ferdige med søknadene.

## Piggtråd

Mattilsynet har retningsline for tilsyn med bruk av piggtråd. Føremålet er å fremme god dyrevelferd ved å føre tilsyn med etterleving av dyrevelferdslova sitt forbod mot å regulere dyra sin ferdsel med piggtråd.

[Du kan lese heile retningslina hos Mattilsynet her.](#)

## Svartelista arter og bekjemping



*Parkslirerekne er ei av dei verste framande planteartane.  
Foto: Statsforvaltaren i Agder.*

Det er mogleg å søke Miljødirektoratet om tilskot til å bekjempe spreiding av framande arter. Målgruppene for ordninga er regionale, nasjonale og internasjonale frivillige organisasjonar, institusjonar og private føretak. Offentlege aktørar er ikkje i målgruppa for ordninga. Søkjarane må vere registrert med eige føretaksnummer i Brønnøysundregistra.

Søknadsskjemaet opna 1. desember. Søknadsfrist er 15. januar 2022.

[Du kan lese meir om ordninga og søkje hos Miljødirektoratet her.](#)

## Jordleige

Det er driveplikt på jordbruksareal med fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Dersom ein eigedom har slikt areal, er det driveplikt på den, uansett storleiken på arealet. Driveplikta gjeld ikkje skog, men den som eig skog har plikter heimla i skogbrukslova knytt til forynging av skog etter hogst og skal ha oversikt over miljøverdiar i eigen skog.

For grunneigar som ikkje skal eller vil drive jorda si sjølv, kan driveplikta oppfyllest ved å leige ut jorda til jordbruksføremål. Det må då inngåast ei jordleigeavtale mellom eigar og leigar. Det er tre punkt som må vere på plass for at avtala vert godkjent:

- Avtala må ha ei tidsrâme på minst 10 år og utleigar kan ikkje seie opp leigeforholdet.
- Den skal vere skriftleg.
- Den må føre til driftsmessige gode løysingar.

Det kan også avtalast at ved eigarskifte vert avtala vidareført ut perioden. Avtalt leigetid utover 10 år krev delingsløyve og konsesjonsbehandling. Ved inngåing av leigetilhøve skal partane ha kvar sitt eksemplar og kommunen skal ha kopi av avtala for godkjenning.

Meir informasjon ligg på Landbruksdirektoratet: [Jordleige og driveplikt](#)

## Skogfond og tilskot til skogkultur – 2022

Særs mange leverte søknad om refusjon frå skogfond og tilskot til skogkultur for 2021 no i november. Dette er bra! Behandling av dette for 2021 er no avslutta og vi får tildelt ny råme for skogkultur frå Statsforvaltaren på nyåret. For dei som ikkje fekk inn søknaden for 2021 innan fristen, ber vi om at de sender inn fortløpande slik at desse ligg klar til behandling når vi får tildelt midlar. Vi har gode tilskotsordningar for både planting og ungskogpleie med tilskot på 50 % og det er viktig at skogeigarar nyttar desse ordningane.

Merk: 2022 er siste året ein kan levere søknader for skogkultur utført i 2021!

Vi minner også om at det er særs viktig at du får sendt inn søknad om skogfond og søknad om tilskot med ein gang du har planta slik at det ikkje vert gløymd og at ein risikerer å ikkje nå fristen! Har du spørsmål rundt korleis du søker, ta kontakt med oss på landbrukskontoret, så hjelper vi deg.

## Bestill planter no!

Har du planar om å plante i komande år, enten på eiga hand eller via entreprenør, rår vi til at du tek kontakt med skogeigarlaget eller andre som tilbyr desse tenestene med ein gong, slik at du sikrar deg tilgang på planter. Det er og viktig for entreprenørane sin del at dei får lagt inn planteoppdrag så raskt som mogleg slik at dei får planlagd aktiviteten og kan arbeide med å sikre nok plantarar i ei utfordrande tid med pandemi.

Vi minner også om foryngingsplikta i skogbrukslova som seier at skogeigar skal sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst. Dette skal skje innan tre år.



Hogst av gran. Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

## Skogdagar og skogfagleg oppdatering

Vi legg til rette for auka kunnskap og kompetanse om skog gjennom å arrangere ulike skogdagar og kurs i tett samarbeid med mellom anna Sogn og Fjordane skogselskap.

Sogn og Fjordane skogselskap er ein interesseorganisasjon som arbeider for å auke kunnskapen om skog og dei har også vegplanleggarar som yter gratis tenester til skogeigarar som ynskjer å planlegge skogsveg. Dei har også mange andre kurs, også på nett, og anna skogfagleg stoff:

<https://skogselskapet.no/fylkesskogselskapene/sogn-og-fjordane/>

Følg dei gjerne også på facebook for oppdatert informasjon om arrangementa deira:

[www.facebook.com/skogselskapetisognogfjordane](http://www.facebook.com/skogselskapetisognogfjordane)

## Kappedagar i Gloppen og Stad

Kappedagane er aktuelle dagar for skogeigarar som skal hogge skog sjølv og levere tømmer. Då er det viktig å vere oppdatert på kvalitetskrava som vert stilt og kva som er viktig å tenkje på når ein skal hogge skog. Det er inga påmelding og kurset er gratis, enkel mat og bålkaffi vert servert.

- Gloppen – måndag 10. januar kl. 10, Breim.
- Eid – tysdag 11. januar kl. 10, Eid.

Oppdatert informasjon om kursa vert lagt ut på kommunen si heimeside og på Skogselskapet i Sogn og Fjordane si facebookside.

## Skogfondkveld i Gloppen

Skogfondordninga er ei særst gunstig ordning for alle som eig skog! Vi arrangerer skogfondkveld i Gloppen måndag 10. januar kl. 18.00. Her vil du lære meir om skogfondet ditt, kva du kan nytte midlane til, skattefordelar og stille dei spørsmål du måtte ha om ordninga.

Stad: Kommunestyresalen, Heradshuset på Sandane.

Følg med på heimesidene for meir informasjon når det nærmar seg. [Grunna noverande covid 19-situasjon, vil det antakeleg verte påmelding.](#)

## Årleg gjødselplan

Gjødselplanen skal være utarbeidd før kvar vekstsesong. Det blir ikkje stilt krav til kven som kan utarbeide planen, men til innhald og oppsett. Tidlegare vart det laga femårige planar til dei med einssidig grasproduksjon. Den praksisen er no endra, og dei med einssidig grasproduksjon må og ha årleg gjødselplan. Det er Landbruksdirektoratet som står bak denne innstramminga.



Kommunen kan framleis godkjenne gjødselplan som vare i inntil fem år for dei som har færre enn 5 gjødseldyr-einingar (GDE) (døme 35 vinterfôra sau), og ei enkel driftsform.

I praksis er det bonden sjølv som oppdaterer gjødselplanen for nytt år. Dette gjer ho ved å føre på nytt årstal og vurdere om det er endringar i drifta. Vurderingane skal noterast ned på planen. Er endringane større skal det utarbeidast ny plan av planleggar. Større endringar er til dømes nye driftsformer, endringar i dyretal som endrar mengde husdyrgjødsel og nye skifter.

Oppdatering av gjødselplanen for nytt år skal gjennomførast før ny vekstsesong og gjødsling. Jordprøver kan nyttast i inntil 8 år før dei må erstattast med nye.

[Statsforvaltaren i Rogaland har laga ein større artikkel om gjødselplanar som du kan lese her.](#)

## Plantevernjournal og søknad om produksjonstilskot

I søknadsskjemaet til produksjons- og avløyartilskot skal det svarast på om det føreligg journal over plantevernmidlar som vart brukt i vekstsesongen. Dersom føretaket ikkje har det, kjem det spørsmål om det er brukt plantevernmidlar. Alle føretak som brukar plantevernmidlar skal ha journal over plantevernmidlane som vert brukt.

Journalen skal gje opplysningar om:

- Namn på plantevernmiddel
- Tidspunkt for behandling
- Dosering
- Område og veksten som plantevernmiddelet vart brukt på

Dersom det er nytta plantevernmiddel i drifta og føretaket ikkje har journal eller journalen er mangelfull, tilskotet avkortast. Det same gjeld om føretaket ikkje kan legge fram journalar for dei tre siste åra.

[Leis meir om dette hos Landbruksdirektoratet her](#)

## Investeringsmidlar i landbruket 2022



*Ku i mjølkerobot.*

*Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.*

Midlar til investering- og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar) blir forvalta etter Innovasjon Norge (IN) sin policy for landbruksverkemidlar. Kommunen si rolle er mellom anna å informere om ordningane, gi innstilling i søknader om støtte, gjere synfaring og skrive ut ferdiggodkjenning for fysiske investeringar.

Fylkesvis er det partnerskapen (bondelag, småbrukarlaget, fylkeskommunen, statsforvaltaren og IN) som set opp tilskotsråmene for dei ulike produksjonane.

### Litt om nokre av ordningane:

- **Omlegging frå bås fjøs til lausdrift** er prioritert område (tilskot 35 %, maks. 2,0 mill.)
- **Støtte ved generasjonsskifte** er og prioritert. Mindre saker av vedlikehaldsprega karakter der søkjar er under 35 år (byggjekostnad inntil 1,5 mill, normalt inntil 35 % tilskot i Vestland).
- **Andre søknader til mjølkeproduksjon** blir behandla etter 5. april -22 dersom det er midlar att på råma til mjølkeproduksjon (døme: innsett mjølkerobot i eksisterande lausdriftsfjøs, ungdyravdeling, grovfôrlager, tilskot normalt om lag 20 %).
- Elles vil IN normalt prioritere **ammeku og sauehald** på visse vilkår der lønsemd er avgjerande og det er viktig med låge byggjekostnader (normalt 20-25 % tilskot).
- **Ekstra tilskot til driftsbygningar i tre.** Der tre er hovudmateriale i både vegg- og takkonstruksjonar, gjeld berre nytt bygningsareal.
- **Tilskot til gjødsellager** - bygging av gjødsellager med fast toppdekke eller minimum 10 månaders lagringskapasitet (20 % tilskot av godkjend kostnadsoverslag, inntil kr 100.000).
- **Tilskot til grovfôrlager - tårn- eller plansilo** (inntil 20 % støttesats av godkjende kostnader, maks tilskot kr 200.000/prosjekt). Ordninga er tenkt til frittstående lager. Eigne søknader om støtte til grovfôrlager for mjølkekyr er ikkje prioritert og vert ikkje behandla før etter 5. april.
- **Ordinære investeringar i frukt og bær** Støttegrunnlag: Arealet som skal fornyast/etablerast bør vere minst 3 daa, planter (ikkje jordbær), plantearbeid, oppbinding, vatningsanlegg (ikkje støtte til vatningsvogn og anna flyttbart overflateutstyr), dekkjesystem for morellar og bær, viltgjerde, arrondering/rydding. Det vert ikkje gjeve støtte til: oppstarta prosjekt,

vedlikehaldsplanting, suppleringsplanting, små og dårleg arronderte teigar, vedlikehald av dekkjesystem, maskiner og delar av vatningsanlegg.

- **Støtte til småskala grøntproduksjon:** Må ha mål om å bygge ei næring, tilskot til kompetanse, prøveproduksjon, marknadsarbeid, mentor m.m., etablering av dyrkingsfelt, bygging av produksjonslokale, kjølelager, veksthus m.m. Støttesatsar: til utviklings-, marknads- og kompetansetiltak kan det ytast inntil 75 % tilskot, normalt gitt inntil 60 %. Det kan ytast inntil 35 % tilskot til etablering av dyrkingsfelt, bygningsmessige og tekniske investeringar, normalt gitt inntil 25 %. Til økologisk dyrking kan det løyvast inntil 50 % tilskot til etablering av dyrkingsfelt, planting av frukt og bær, normalt gitt inntil 40 %.
- **Støtte til etablering av nye næringar/tilleggsnæring på garden 2022** har tre hovudsatsingar: lokal mat, landbruksbasert reiseliv og Inn på tunet. Det er mogleg å søkje om **etablerings-tilskot** til ideavklaringsfasen (før etablering) og til etableringsfasen (inntil 75 % tilskot til å utvikle tilleggsnæringar på garden, normalt inntil 50 % tilskot til godkjende kostnader). **bedriftsutviklingstilskot** for nye produkt eller nye marknader for tilleggsnæringar (inntil 75 % i tilskot til å vidareutvikle tilleggsnæringar på garden. Normalt inntil 50 % tilskot til godkjende kostnader) eller **tilskot til investeringar** i produksjonsanlegg/driftsbygningar og tilhøyrande produksjonsutstyr av varig karakter (inntil 35 % tilskot. Normalt 25 % støttesats til godkjende kostnader).

#### Ordinære investeringar i frukt og bær, kostnader og tilskot

Produksjon	Kostnader, kr. pr da	Støttesats
Planting av kjernefrukt - eple og pære	Inntil 75 000	25 - 30 %
Planting av plomme	Inntil 50 000	25 - 35 %
Planting av moreller med dekkjesystem	Inntil 220 000	30 - 35 %
Bringebærmed dekkjesystem	Inntil 170 000	20 - 25 %
Jordbær med dekkjesystem/tabletop	Inntil 300 000	20 - 25 %
Arrondering/rydding (må kostnadsreknast i kvart enkelt tilfelle)	Inntil 30 000	20 - 25 %
Viltgjerde	Inntil kr 100 pr meter	20 - 25 %
Økologisk landbruk.		ca 40%
Generasjonsskifte		ca 35%

IN Vestland har utarbeidd retningsliner om støtte til frukt, bær og grønsaker 2022, meir info:  
[www.innovasjonnorge.no/no/om/kontorer-i-norge/vestland/landbruk-og-tilknytt-verksemd/](http://www.innovasjonnorge.no/no/om/kontorer-i-norge/vestland/landbruk-og-tilknytt-verksemd/)

[Du kan lese meir om prioriteringane og ordningane hos Innovasjon Norge Vestland her.](#)

Ta kontakt om du har eit prosjekt du vil diskutere eller treng hjelp til å søkje om støtte til. Du kan lese meir om IBU-midlane og [søkje om støtte på heimesida til IN som du finn her.](#)

## Fornybar energi i landbruket

Innovasjon Norge (IN) har fått nye retningsliner innan Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket. Det er nå opning for at IN kan gje støtte til varmpumper og solcelleanlegg under ordninga «Fornybar energi i landbruket».

Landbruket må i større grad må ta aktivt grep for å redusere klimaavtrykket i matproduksjonen. Solcellene har dessutan vorte billigare og meir effektive dei siste 5 – 10 åra. IN kan derfor gje støtte til kortreist energiproduksjon, dvs energi som blir brukt på gardsbruket.

Finansiering av støtte til solenergi kjem inn under det IN kallar gardsanlegg med næringsføremål. Eit krav her er mellom anna at det er aktiv landbruksdrift på garden, samt eit forbruk på minimum 25 000 KWh i næringsssamanheng.

[Meir informasjon og søknadsskjema hos Innovasjon Norge finn du her.](#)

## Utvalde kulturlandskap (UKL) 2021

Det er i dag 46 område som er valgt ut som UKL, og Stadlandet er eit av dei. Føremålet med tilskot til tiltak i UKL-område er å medverke til å sikre verdiar knytt til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift. Mykje bra arbeid har blitt gjennomført i UKL-kjerneområda på Stadlandet i året som er gått. Det har vore løyvd 590.000 kr som har gått til skjøtsel av areal, vedlikehald av bygningar, utarbeiding av skjøtelsplan og skiltprosjekt.

På Ytre Drage har det vore beita med småfe. På Liset har det vore rydda for einer, beita med småfe og fleire av areala har blitt slått med beitepussar. I Årdalen har det vore beita med småfe. I Hoddevik har det vore beita med småfe og storfe, fjerna tistel, rydda trær og busker og slått med beitepussar. Tiltak med vedlikehald av bygningar blir ferdigstilt først til neste år.

Stad kommune har også fått utarbeida ein ny skjøtelsplan for området Indre Drage og Austmyr. Vi håpar at det allereie frå neste år vil bli satt i gang tiltak i dette området for ivareta kulturlandskapet her. Kommunen er også i gong med eit skiltprosjekt for å informere lokale og tilreisande om verdiane i UKL-områda. Her har dei lokale fått komme med innspel til tekst på skilta. Planen er å få satt opp skilt i Hoddevik og Skårbø/Liset (og Fure?) til neste år.

## Vikar for utmarksforvaltaren



*Bjørnar Eikenes er vår nye utmarksforvaltar medan Lindis er i permisjon.*

Utmarksforvaltar Lindis B. Østgård går ut i permisjon i starten av desember fram til september 2022. Vi har fått på plass ein dyktig vikar for ho, Bjørnar Eikenes, som starta i vikariat som utmarksforvaltar 1. november.

Bjørnar er snart 23 år og er oppvaksen på eit lite gardsbruk på Hestenesøyra. Han avslutta ei bachelorgrad i utmarksforvaltning ved Høgskolen i Innlandet i 2021 før han flytta heim til Gloppen.

På fritida går mykje av tida til jakt, der hjortejakta er det som står han nærast. Bjørnar skal arbeide med utmarkssaker, verneområda i Gloppen og skogsaker.

## Smittevern og informasjon utanlandske arbeidstakarar

Arbeidstilsynet kom 10.12.21 med ny informasjon om smittevern, innreisereglar og råd. Brevet i sin heilskap ligg som vedlegg til dette nyheitsbrevet. Vi oppmodar om at det elles held dykk oppdatert ved å sjekke ut relevante nettsider med omsyn til smittevernoppdateringar etter dei siste endringar som kom 13.12.2021.

*Landbrukskontoret i Gloppen og Stad ynskjer alle ei riktig god jul og eit godt nytt år!*

*Helsing Marte, Odd-Harald, Bjørnar, Bernt, Karoline, Åse Marie og Trine*